

INU-FSF

HANDLINGSPLAN FOR 2014

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

ESA godkjente 19. juli 2006 regjeringa sitt forslag om gjeninnføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå og med 1. januar 2007. Dette inneber at store delar av landet får gjeninnført ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, med same takst som dei hadde i 2003. Samtidig vart det klart at det var kommunar i delar av landet som ikkje vil nyte godt av gjeninnføringa eller vil få gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift med høgare sats enn den som var gjeldande i 2003.

Den differensierte arbeidsgjevaravgifta skal frå 2007 reknast ut på grunnlag av kor verksemda er lokalisert. Dette er til forskjell frå den tidlegare ordninga der det var den tilsette sin bustad som var avgjerande for kva sats arbeidsgjevaren skulle nytte ved utrekning av avgift.

I Sogn og Fjordane vart differensiert arbeidsgjevaravgift gjeninnført i 23 av 26 kommunar. Dei tre kommunane som fortsatt vil ha høg avgift i perioden 2007-2013 er Førde, Sogndal og Flora.

Ordninga er forlenga til 30.06.14 i påvente av nødvendige avklaringar knytt til kva kommunar som vil ha høg arbeidsgjevaravgift også etter dette tidspunkt og om kompensasjonsordninga vil fortsette.

INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

1.2 POLITISKE FØRINGAR OG STØTTEREGELVERK

Den store forskjellen frå tidlegare DAA-ordning og noverande ordning er at KMD no krev at midlane skal underleggast sterkare folkevalt styring og kontroll. Det presiserast likevel at det er viktig å vidareføre dei positive erfaringane med eit sterkt engasjement frå næringslivet.

Innretninga av innsatsen i det einskilde fylket skal vere i tråd med mål og strategiar i fylkesplanen for dei områda som er omfatta av ordninga. Departementet ønskjer at det leggast opp til ei tettare kopling og koordinering mellom DA-midlane og dei ordinære verkemidlane over kap. 551, post 60.

2 PROSESS OG ORGANISERING

1.1 PROSESS

I Sogn og Fjordane har 23 av 26 kommunar fått gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift frå 1.1.2007. I tillegg er bagatellmessig stønad auka frå 100.000 til 200.000 Euro, noko som i praksis betyr at omlag 20 verksemder i dei 3 kommunane vert råka av auka avgift.

Vedtekter for INU vart handsama og godkjent i Fylkestinget 18. april 2007, og det vart halde stiftingsmøte for den nye ordninga i Flåm 27. april.

1.2 STYRET

I Sogn og Fjordane har ein valt å organisere arbeidet gjennom eit fond, som er registrert i einingsregisteret Brønnøysund som ei foreining (org.nr. 991 670 920).

Fondet sine mål er;

- å stå som mottakar av alle næringsretta utviklingsmidlar som blir gitt som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift for verksemder i kommunane Førde, Sogndal og Flora.
- å utarbeide retningslinjer for korleis denne kompensasjonsordninga best kan nyttast for å fremje næringsutvikling i desse kommunane, slik at konkurranseulempa med bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift vert minst mogleg.
- å sjå til at fordelinga av midlar skjer i tråd med retningslinjer og føringar gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD)

INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

- å styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i dei involverte kommunane, samt vidareføre det sterke næringslivsengasjementet som vart etablert under DAA-ordninga og underbygge eit forsterka samarbeid mellom dei involverte kommunane, totalt sett.

I 2014 vil styret ha følgjande samansetting:

Vidar Grønnevik, NHO – leiar

Kjetil Bjørset, Sparebanken Sogn og Fjordane

Vara: Øyvind Berge, Berge & Co

Odd Erik Gullaksen, Rica Sunnfjord Hotel og Spa

Vara: Peter Midthun, Firda Billag

Agnar Strømsnes, Saga Fjordbase

Vara: Stig Kristoffersen, Fjord 1

Gustav Johan Nydal, Westcon Yard Florø AS

Vara: Tor Vidar Kittang, Fjord 1

Egil Mundal, Sogndal Fotball

Vara: Sigrun Rygg, Jatak AS

Hilmar Høl, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bengt Solheim Olsen, Flora kommune

Olve Grotle, Førde kommune

Jarle Aarvoll, Sogndal kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/næringsavdelinga er observatørar i styret og tar seg av sakshandsaminga av søknader om løyving av midlar. NHO Sogn og Fjordane har ansvar for sekretariatet.

1.3 VEDTEKTER OG RETNINGSLINJER

Fondet har ikkje eigen kapitalbase. Kapitalen er dei midlane som fondet blir tildelt frå KMD via fylkeskommunen og som er knytt til kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift knytt til verksemder i Førde, Sogndal og Flora. Fylkeskommunen har rapporteringsansvar i høve til KMD.

Årsmøte er øvste organ samansett av ein representant frå kvar av dei ramma verksemdene, ein representant frå kvar av dei ramma kommunane og ein representant frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Årsmøtet si oppgåve er å godkjenne styret sitt framlegg til handlingsplan for inneverande år og velje nye medlemmer til styret.

Styret si oppgåve er å forvalte fondet i samsvar med føremål og vedtekter, og elles i samsvar med krav eller retningslinjer sett av KMD i samband med tildeling av midlane. I tillegg skal dei føre tilsyn med rekneskap og formueforvaltning.

Vedtektene er å finne på heimesidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og NHO.

3. STRATEGI OG PRIORITERINGAR 2014

INU-midlane skal bidra til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gir betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemd, med hovudfokus i dei tre råka kommunane.

I arbeidet med handlingsplanen for 2014 er det lagt vekt på å samordne prioriteringane med det fylkeskommunale arbeidet knytt til utforming av ein Verdiskapingsplan.

Utover dei nemnte prioriteringane under tar INU imot søknadar til andre prosjekt innan dei nemnde områda.

Refusjonen i 2014 er 43.217.278,- mill. kr.

Refusjonsbeløpet består av overføringa frå KMD i 2014 på kr 43.000.000,- med tillegg av overførte midlar frå 2013 (inkl. renteinntekter på kr 340.000,-) på kr 217.278,- (når overforbruk er trekket frå).

I brev frå KMD av 27.02.14 er det gjeve fylgjande presisering i.f.t kva regionalpolitiske mål, strategiar og målstruktur som skal være førande for virkemiddelbruken :

«Regjeringen forutsetter at fylkeskommunene i forvaltningen av kap. 551, post 61 prioriterer bedriftsrettede tiltak med det formål å utvikle arbeidsplasser og å bidra til verdiskaping i fylket. Innsatsen skal særlig spisses mot entreprenørskap og innovasjon og tiltak rettet mot næringsrettet kompetanse, næringsrettet infrastruktur og nærings- og innovasjonsmiljøer. Fylkeskommunene skal i sin prioritering legge vekt på virkemidler som erfaringsmessig gir best resultater. Det skal sikres god forankring av fylkeskommunens prioriteringer i det regionale partnerskapet».

Brevet presiserer vidare «Fylkeskommunen prioriterer selv mellom ulike typer innsats i samråd med sine regionale partnere innenfor mål, rammer og retningslinjer for posten. Målet er å få til en bred næringsrettet innsats, særlig med vekt på å utvikle næringsliv og arbeidsplasser i områder som ikke fikk innført differensiert arbeidsgiveravgift på nytt, eller som fikk innført ordningen med høyere sats enn før 2004. Midlene skal, som hovedregel, nyttes i disse områdene med mindre det er enighet mellom partene om at midlene skal ha et annet geografisk nedslagsområde. Det kan være fornuftig med samarbeid på tvers av regioner og kommuner for å fremme en positiv utvikling i de områdene ordningen gjelder»

I styret si vurdering og prioritering av virkemiddelbruken, er det vektlagt at regionale utviklingsmidlar i mange høve har ein direkte effekt for etablering og/eller utvikling av næringslivet, og gjennom dette er i tråd med departementet si tilråding om å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping i fylket.

INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Årsmøtet la vekt på at det kan vere hensiktsmessig å prioritere større prosjekt og satsingar.

Fornybar Energi

INU-FSF vil i 2014 prioritere prosjekt innan fornybar energi, knytt til både kompetanseutvikling, utvikling av infrastruktur og bedriftsretta tiltak via Innovasjon Norge.

Innovasjon / Nyskaping / FoU

INU-FSF vil også i 2014 prioritere søknader knytt til inkubasjon i regi av inkubatorordningane i fylket, gründer-/nyskappingsarbeid gjennom Innovasjon Norge og søknader frå prosjekt/verksemder som på andre måtar bidreg til nyskaping.

Reiseliv/Kulturbaserte næringar

I 2014 ynskjer INU-FSF å holde fram med reiselivssatsing i regi av fylkeskommunen og styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen. Midlane vert forvalta direkte av fylkeskommunen, men det skal rapporterast til INU-FSF om bruken av midlane. Ramme for innvilgning til søknadar innan Reiseliv er satt til 4 mill i 2014.

Infrastruktur / Tettstadsutvikling

INU-FSF set av midlar til tettstadsutvikling som kommunane Førde, Sogndal og Flora kan søke på i 2014 med følgjande fordeling:

Førde: kr 3 mill pr år

Flora: kr. 3 mill pr år

Sogndal: Kr 1.5 mill pr år

Utover dette vil INU-FSF spesielt prioritere startfinansiering knytt til næringsretta infrastruktur, der det planlagde industriområdet i indre Sunnfjord og andre industriområder som kan utgjere eit potensial for vidare utvikling vert tillagt spesiell vekt.

Kompetanseutvikling

INU-FSF vil i 2014 prioritere finansiering av bachelor-studia innan sub-sea teknologi, men slik at dette ikkje utgjere ei avgrensing av virkemiddelbruken til kun desse tiltaka. Årsmøtet peika på at INU-FSF ønskjer å vidareføre og bygge opp høgskulestudium, til dømes Subsea, byggingeniør.

Bedriftsretta tiltak

8 mill NOK av totalramma for 2014 vert sett av til bedriftsretta tiltak, der midlane vert forvalta av Innovasjon Norge. Midlane er øymerka verksemder i Førde, Flora og Sogndal, der dei råka verksemdene i desse kommunane skal gjevast prioritert. Innovasjon Norge skal rapportere bruken av midlane til INU-FSF.

INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Administrativ oppfølging og rapportering

Fylkeskommunen følger opp midlane til Innovasjon Norge og dei avsette midlane til reiseliv. Dei øvrige midlane vert lyst ut gjennom regionalforvaltning.no. Utlysing, sakshandsaming og rapportering skal vere i tråd med regelverket frå KMD. Fylkeskommunen ved næringsavdelinga sakshandsamar søknadane, og lagar saksutgreiing til INU-styret.

Budsjett til dekning av administrasjon er fastsatt til 1 mill NOK. Budsjettposten skal dekke godtgjering til fylkeskommunen for arbeid med sakshandsaming etter avtale og det øvrige vert overført til eigen konto som vert disponert av Kinn Rekneskap og skal gå til dekning av øvrige administrative kostnader, som avtalt tidsbruk, møtekostnader, lokaler, sekretariat m.m.

Til	Kr
Bedriftsretta satsing gjennom IN	8 000 000
(Tettstadmidlar – ved søknad frå kommunane	
Sogndal	1 500 000
Førde	3 000 000
Florø	3 000 000)
Reiseliv Forvaltast av SFFK	4 000 000
Utlysing	30. 217.278

Administrasjon:

Fylkeskommunen sakshandsaming	300.000
NHO Sekretariat	95.000
Styreleiar honorar	400.000
Møtekostnader	50. 000
Rekneskap	20. 000
Leige lokal	50.000
DIV utgifter	85.000

Sum midlar	43.217.278
------------	-------------------